

## STYRESAK

**GÅR TIL:** Styremedlemmer  
**FØRETAK:** Internrevisjon

**DATO:** 04.12.2020  
**SAKSHANDSAMAR:** Ivar Eriksen/Haakon Totland  
**SAKA GJELD:** **Organisering av internrevisjonen i Helse Vest**

**ARKIVSAK:** 2020/106  
**STYRESAK:** **142/20**

**STYREMØTE:** 09.12.2020

---

### FORSLAG TIL VEDTAK

1. Styret gir si tilslutning til at internrevisjonen i Helse Vest blir organisert i samsvar med tilrådinga i saka.
2. Når det gjeld val av organisasjonsform for den framtidige internrevisjonen, legg styret stor vekt på den eintydige tilbakemeldinga frå helseføretaka. Modellen som blir rådd til er nokså lik den ein har hatt, og nær opp til det alternativet BDO har kalla co-sourcing. Ein slik modell vil være basert på egne tilsette og innkjøp av tenester.
3. Styret ber om at det blir sett i verk prosess for tilsetting av ny internrevisor.
4. Styret gir støtte til at det heretter blir lagt større vekt på å følge opp definerte kjerneområder over tid.

## Oppsummering

Saka vart lagt fram for revisjonsutvalet i Helse Vest RHF i ekstraordinært møte 03. desember 2020.

Saka var førebudd av administrerande direktør, med slikt forslag til vedtak:

1. Revisjonsutvalet gir si tilslutning til at internrevisjonen i Helse Vest blir organisert i samsvar med tilrådinga i saka.
2. Revisjonsutvalet ber om at det blir sett i verk prosess for tilsetting av ny internrevisor.

## Behandlinga i revisjonsutvalet sitt møte 03.12.2020:

Ivar Eriksen orienterte om saksprosessen etter førre møte i revisjonsutvalet: Styreleiar har hatt eit dialogmøte med styreleiarane i alle føretaksstyra, der òg administrerande direktør deltok. Utgangspunktet var å få føretaka sine synspunkt på organiseringa, men ein diskuterte òg inngåande internrevisjonen som funksjon i føretaksgruppa. Tilbakemeldingane som vart gitt i dette møtet er gjort greie for i saka.

Revisjonsutvalet gav uttrykk for at det har vore nyttig å bruke tid på utgreiing, modning og dialog mellom styreleiar, føretaksleiingane og administrasjonen. Likeins ser ein det som svært verdifullt at denne prosessen har inkludert ein grundig dialog om forventningar til kva internrevisjonsfunksjonen skal omfatte. Ein framheva viktigheita av dei kjerneområda som er fokusert på i saksutgreiinga. Utvalet finn det hensiktsmessig med ein organisering som inneber ei kjernebemanning tilsett i RHF-et, der ein supplerer med kjøpte konsulenttenester og dessutan trekker inn fagressursar og relevant kompetanse i helseføretaka.

Utvalet fremja slikt fellesforslag til vedtak:

1. (Som innstillinga punkt 1.)
2. Når det gjeld val av organisasjonsform for den framtidige internrevisjonen, legg revisjonsutvalet stor vekt på den eintydige tilbakemeldinga frå helseføretaka. Modellen som blir rådd til er nokså lik den ein har hatt, og nær opp til det alternativet BDO har kalla co-sourcing. Ein slik modell vil være basert på eigne tilsette og innkjøp av tenester.
3. (Som innstillinga punkt 2.)
4. Revisjonsutvalet gir støtte til at det heretter blir lagt større vekt på å følgje opp definerte kjerneområder over tid.

**Vedtak (samrøystes):**

1. Revisjonsutvalet gir si tilslutning til at internrevisjonen i Helse Vest blir organisert i samsvar med tilrådinga i saka.
2. Når det gjeld val av organisasjonsform for den framtidige internrevisjonen, legg revisjonsutvalet stor vekt på den eintydige tilbakemeldinga frå helseføretaka. Modellen som blir rådd til er nokså lik den ein har hatt, og nær opp til det alternativet BDO har kalla co-sourcing. Ein slik modell vil være basert på egne tilsette og innkjøp av tenester.
3. Revisjonsutvalet ber om at det blir sett i verk prosess for tilsetting av ny internrevisor.
4. Revisjonsutvalet gir støtte til at det heretter blir lagt større vekt på å følgje opp definerte kjerneområder over tid.

**Vedlegg 1:** Administrerande direktør sitt saksframlegg

**Vedlegg 2:** BDO sin rapport